

Høyringspart	OU-forslag	Valfridom	Grunnkontingent	Lokaltidsskrift	Sentraltidsskrift
Østfold	?	X	X	?	?
Oslo og Akershus	X	-	-	X	X
Hedmark	?	X	X	?	?
Oppland	?	X	X	?	?
Buskerud	?	X	-	?	?
Telemark	X	-	-	X	X
Aust-Agder	X	?	?	?	?
Rogaland	?	X	X	?	?
Hordaland	?	X	X	?	?
Møre og Romsdal	?	X	X	?	?
Sør-Trøndelag	?	X	-	?	?
Nord-Trøndelag	X	-	-	X	X
Troms	?	X	-	?	?
Setesdal lokallag	0	X	X	?	?
Lista lokallag	?	(X)	?	?	X
Dalane lokallag	X	-	-	X	X
Sunnhordaland	X	X		?	?
Stjørdal lokallag	X	-	-	X	X
Steinkjer lokallag	X	-	-	X	X
Rana lokallag	?	(X)	-	?	?
Nesna lokallag	X	X		X	0
Bodø lokallag	?	X	-	X	0
Lofoten lokallag	0	X		X	(0)
Vesterålen lokallag	0	X	-	?	?
Midt-Troms II	?	X	-	-	-
Lyngen lokallag	0	X	-	?	(0)
Hans Dransfeld	X	-	-	X	X
Torger Hjalmar Ugstad	X	-	-	X	X
Tore Svendsen	X	-	-	X	X
13/16 avdelingar	4/13	9/13	7(8)/13	3/13	3/13
13/53 lokallag	5/13	8(10)/13	1(2)/13	6/13	4/13
3 medlemmer	3/3	0/3	0/3	3/3	3/3
29 høyringssvar	12/29	17(19)/29	8(10)/29	12/29	10/29

Oppsummering av høyringssvara:

Ei skjematiske fordeling av svara i form av ein matrise vil ikkje gje utfyllande grunnlag for vurdering, og det er viktig å vere klar over at dette først og fremst kan vere eit hjelpemiddel til å sortere fellesnemnarar og viktige hovudlinjer. Samstundes vil det vere viktig å vurdere kor representative høyringssvara er for dei ulike kategoriane. Det seier seg sjølv at svar frå 13 av 16 avdelingar må vurderast som meir representativt for denne kategorien enn 13 av 53 lokallag, for ikkje å seie 3 personlege svar blant 9500 medlemer. For avdelingane i Vest-Agder og Nordland, som er meir formalavdelingar enn reelle avdelingar, vil lokallaga måtte oppfattast som komplementære.

Det er såleis grunn til å legge størst vekt på høyringssvara til avdelingane. Her er det eit nokså klart bilde: Berre 4 av 13 avdelingar uttrykker full støtte til OU sitt framlegg. I dei fylka der avdelingane ikkje har svara, er 5 av 6 lokallag negative eller har innvendingar mot OU sitt framlegg. Tilsvarande legg 9 av 13 avdelingar stort vekt på valfridom for kva kontingeneten skal omfatte, og 6 av 6 lokallag i dei to fylka som ikkje har gitt høyringssvar, understrekar det same. 7 av 13 avdelingar argumenterer for ei form for grunnkontingent og ytterlegare to avdelingar kan oppfattast å argumentere i same retning. Dette må igjen vurderast på bakgrunn av at eit slikt alternativ ikkje er omtala i OU sin rapport. Endeleg kan berre 3 av 13 avdelingar oppfattast slik at dei utan etterhald går inn for at både lokaltidsskrift og eitt sentraltidsskrift skal inkluderast i kontingeneten, medan dei andre er meir eller mindre kritiske til at kontingeneten skal omfatte abonnement på både lokaltidsskrift og sentraltidsskrift.

Det er vanskelegare å ha klar oppfatning av fellesnemnarane i høyringssvara når det gjeld kontingenstorleik, men det kan ikkje vere tvil om at det er klar overvekt av dei som legg stor vekt på at omlegging av kontingenstrukturen ikkje må medføre radikal auke i samla kontingen for medlemene. Like eins at det ikkje må svekke det økonomiske grunnlaget for avdelingar og lokallag. Dette er i store trekk dei same signala som klart kom til uttrykk under årsmøtet på Lista i 2010. Det kan kanskje vere interessant å reflektere litt over kor vidt dei som har gitt høyringssvar, har oppfatta OU sitt framlegg som styrande for val av alternativ fram mot vedtak, og om dette er oppfatta ulikt innan dei ulike svarkategoriene.

Ut frå dette ser eg fleire viktige fellesnemnarar i høyringssvara, og som etter mi oppfatning bør vere viktige for sentralstyret si utforming til vedtak som skal sendast ut som grunnlag for årsmøtesak:

1. *Valfridom*: Det er stor overvekt av argumentasjon for at medlemene sjølve må kunne velje kva deira medlemskontingen skal omfatte, og at kontingenstorleiken må kunne variere etter det.
2. *Ingen markert kontingentauke*: Det er klar overvekt mot at ny kontingenordning skal medføre radikalt auka kontingen.
3. *Vedlikehalde økonomigrunnlaget lokalt*: Det er like klar argumentasjon for at økonomigrunnlaget for avdelingar og lag ikkje må bli svekt.
4. *Grunnkontingent*: Det er klar overvekt av avdelingar som argumenterer for ei eller anna form for grunnkontingent. Dette er knapt nemnt frå lokallaga.
5. *Fleksibelt og tilpassa tidsskriftval*: Det er klar overvekt for at abonnement på lokal- og sentraltidsskrifta må vere fleksibelt og tilpassa og at det ikkje kan vere krav om at begge må vere inkludert i kontingeneten.
6. *Sjølvråderett for pris på lokaltidsskrifta*: Det er og overvekt for at pris for lokale tidsskrift må kunne variere og at avdelingane avgjer dette, evt. lokallaga om lokaltidsskriftet er knytt til lag.

Av desse vil pkt. 1, 4 og 5 måtte vurderast i samanheng i høve til einskildmedlemmene, i og med at det gjeld kva medlemskap vil måtte innebere for den einskilde, og vidare må fleire av punkta henge nøye saman når det gjeld avdelingane sine interesser inn i spørsmålet om samordna kontingen, først og fremst i høve til å oppretthalde og styrke medlemsgrunnlaget i

avdelingane og at avdelingane sikrar det økonomiske grunnlaget basert på kontingeninntekter og i høve til sjølve å kunne ha ansvar i høve til lokal kontingen og lokalt tidsskrift.

Samstundes er det naudsynt å ha ein økonomisk fellesnemnar i kontingentspørsmålet og at denne gjeld alle medlemmer, uansett spørsmål om valfridom i høve til einskildmedlemer og avdelingar/lag. I høve til dagens situasjon betyr det at ein slik fellesnemnar må dekke opp både junior-, pensjonist- og familemedlemskap.

For å kunne dekke opp dei behova/omsyna som er understreka i høyringssvara, vil dette naturleg føre til følgjande oppbygging av ein kontingen:

1. **Grunnkontingen**: Ein svært moderat del av kontingenen som naturleg må setjast i høve til kostnader ved å drifta eit medlemsregister. I dag er det i praksis etablert i form av familemedlemskap, slik vi finn det sentralt og i ei rekke avdelingar. Om dette blir forenkla til å gjelde generelt, ikkje knytt til alder (junior/pensjonist), støttemedlemskap eller familie, betyr det at alle som betalar ein grunnkontingen, er registrert og har grunnrettar som medlem.
2. **Valfritt abonnement på tilbod**: Dette gjeld i første rekke abonnement på tidsskrift, både lokale og sentrale. Det kan vere eit aktuelt spørsmål om medlemskap skal knyttast til minimum eitt tidsskriftabonnement og at det er valfritt, anten lokalt eller sentralt. Ut over dette er det valfritt å abonnere på så mange tidsskrift ein lystar, utan at det inneber meir enn eitt medlemskap. I framtida kan det tenkjast at det blir utvikla abonnement også på andre tilbod enn tidsskrift sentralt eller i avdelingane.
3. **Fastsetjing av kontingen og abonnement**: Grunnkontingen vert mest naturleg fastsett av årsmøtet sentralt, men det må og fastsetjast korleis denne skal fordelast på sentralleddet og avdelingane, evt. lokallaga. Fastsetjing av abonnement på sentraltidsskrifta vert lagt til årsmøtet, medan avdelingane fastset abonnement på lokaltidsskrifta. Det vil måtte innebere at abonnement på tidsskrift vil kunne variere frå avdeling til avdeling (også 0 dersom det ikkje er tidsskrift i ei avdeling).

Eg legg fram dette som eit utgangspunkt for vurdering og diskusjon på styremøtet til helga og reknar med at styremedlemene har summert opp kvar for seg og møter til ein konstruktiv debatt om kontingentsaka vidare. Det kan vere naudsynt å vurdere ulike alternativ for løysing: OU sitt framlegg står ved lag, men der må nok fleire på bordet, og så er spørsmålet om og i så fall kor mange andre alternativ vi skal gå vidare med.

Eiksund 03. februar 2011

Alv Ottar Folkestad, styreleiar